



Nynorsk  
AVISSENTER

# STATUSRAPPORT

## Februar 2021



**UT I PRAKSIS:** Dei fem i kull 15 er her klar for to månader praksis. I januar og februar er (frå v.) Taline Vinjevoll Årdal og Natalie Liabø Hermansen i praksis i Firda, Sofie Retterstøl Olaisen er i Klassekampen (feature), Synne Muren Olsen i Haugesunds Avis og Øystein Silde Frønsdal i Sunnmørsposten.

FOTO: INGUNN OSLAND

*Ordet fer vidare  
enn mannen*

Ivar Aasen

**STIFTINGA NYNORSK AVISSENTER:** Tek inn fire-fem journalistpraktikantar kvart halvår. Dei får fire månader opplæring i Firda Media i Førde og deretter to månader praksis i ein ønskt avisredaksjon. I Førde får dei over 20 forelesingar og kurs, mellom anna i språk, etikk, journalistisk metode, foto og video. 68 praktikantar er lært opp sidan starten i 2013, og fleirtalet har journalistisk arbeid i dag. Stiftinga Nynorsk avisenter skal styrke rekruttering, nyskaping og utvikling i medium som publiserer på nynorsk. Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Firda Media (Amedia) står bak stiftinga, som samarbeider tett med NRK Nynorsk mediesenter. Opplæringa er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media.

# Rekordmange søkerar siste året

**STATUS:** Nynorsk avissenter ser positive teikn i utviklinga. Etter svake søkeratal i 2017 har pilene igjen peika jamt oppover dei siste åra. I 2020 hadde rekordmange søker seg til kull 15 og 16.

28 søkerader låg i søkeradsbunken i 2017. I 2018 sökte 33, og i 2019 var talet auka til 38. I 2020 mottok Nynorsk avissenter 55 søkerader.

Det kan sjå ut til at dette speglar ein trend i mediebransjen, som har vore gjennom ei tøff omstilling. År med kraftig nedbemannning i pressa kan ha skremt mange unge frå å satse på journalistikken, men optimismen er på veg tilbake. Nye aviser ser dagens lys og bransjen treng igjen påfyll av skrivande. Ikkje minst i aviser redigerte på nynorsk er det behov for den kompetansen som praktikantar i Nynorsk avissenter får.

## Rett frå opplæring i jobb

Ein annan statistikk viser at praktikantane får journaliststilling etter opplæringa. I så måte er kull 15 eit særsyn. Alle reie medan dei fem er under opplæring, har fire skrive avtale om tilsettjing i Firda Media frå 1. mars. Firda-redaksjonen, som har gått gjennom eit generasjons-skifte, nytta her sjansen til å rekruttere lovande journalisttalent. Også den femte i kullet er lova journaliststilling, men er ikkje tilsett i skrivande stund.



**FAST STILLING:** David Sviland er mellom dei som har fått fast stilling siste året. Han er tilsett i Vårt Land i Oslo.

Sjølv om det som hender med kull 15 er eit særsyn, så skjer det kvart år at ein og annan praktikant får tilbod om journaliststilling medan praktikanten er under opplæring.

## Flest i mediebransjen

Ei registrering ved siste årsskiftet fortel at to av tre tidlegare praktikantar i dag arbeider med journalistikk og kommunikasjon.

Til saman 59 var i fjar ferdige med opplæringa i Nynorsk avissenter. 31 av desse hadde ved årsskiftet journalistarbeid, men heile 37 dersom vi reknar med dei som hadde journalistikk som deltidsjobb. Det gir ein andel på 62,7 prosent.

Slik fordeler dei 59 tidlegare praktikantane seg (prosent t.h.):

● Journalist:	31	52,5
● Journalistikk deltid:	6	10,2
● Kommunikasjon:	9	15,3
● Lærar:	5	8,5
● Student:	4	6,8
● Andre:	4	6,8

## Klar overvekt av kvinner

Medrekna dei ni praktikantane i kull 15 og 16 som no er under opplæring, har til saman 68 praktikantar vore tilsette i Nynorsk avissenter sidan starten i 2013.

Våren 2018 var det eit kull der fire av fire var menn. Deretter har det vore ei overvekt av kvinner i alle kull. I dag viser tala at det er dobbelt så mange kvinner som menn som har fått opplæringa.

● Kvinner:	45
● Menn:	23

Ser vi på geografien, hentar Nynorsk avissenter klart flest praktikantar frå Vestlandet. Frå Sogn og Fjordane åleine er det 23 som har fått plass. Søkjarane kjem frå Finnmark i nord til Agder i sør.

68 praktikantar fordelt på fylke:

● Vestland:	40
● Rogaland:	9
● Møre og Romsdal:	8
● Trøndelag:	4
● Viken:	3
● Nordland:	2
● Agder:	1
● Andre:	1



**SAMLING:** For Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter betyr flytting til Nynorskhuset at det tette samarbeidet berre blir endå tettare. Til høgre dei ti praktikantane i avissenteret og mediesenteret samla til felles førelesingsdag sist haust.

## Nynorskhuset kan stå ferdig i 2023

**SISTE:** Nynorskhuset er nærmare realisering etter at styret i Firda Media i dag, 22. februar, godtok tilbodet frå utbyggjar.

Dermed har både Teater Vestland, NRK

og Firda sagt ja til å flytte inn i det planlagde Nynorskhuset i Førde sentrum. Tomta er ferdig regulert og dersom alt går etter planen er det venta innflytting våren 2023.

NRK og Firda er teikna inn i kvar sine

etasjar, og praktikantane får i tillegg felles kurslokale utanom redaksjonane.

- Vi har tru på at det å samle tre nynorskaktørar i eitt hus vil føre med seg mykje positivt for nynorsken, seier adm. direktør i Firda Media, Svein Atle Huus.





**TO AV FEM:** Sogningane Karoline Nordgulen (til venstre) og Synne Grimen Hammervoll utgjer Nordhordland-redaksjonen saman med to journalistkollegaer og redaktør.

FOTO: PRIVAT

## Fekk journalistjobb i same lokalavis

**KNARVIK:** Ein skulle kanskje tru at i ei lita lokalavis med berre ei handfull journalistar går det mykje i saker om Reidar sin nye traktor og at dei er tomme for mjølk på nærbutikken. Det var også det vi tenkte då vi starta i Avisa Nordhordland. Dette viste seg å vere eit grovt feilinntrykk.

Avisa dekkjer heile Nordhordland og Gulen. Ved inngangen til 2020 vart storkommunen Alver til. Lindås, Meland og Radøy slo seg saman. Som dei fleste andre samanslegne kommunar har også Alver hatt sine vekslesmerter. Med ein tøff økonomi, politiske utfordringar og eit næringsliv i utvikling har det ikkje mangla på spennande saker å skrive om.

Sjølv om avisa dekkjer eit vidt område, er Alver kommune kjernen i regionen. Kommunen har nær 30 000 innbyggjarar og er ein av nabokommunane til Bergen. Med E39 tvers gjennom dekningsområdet er det mykje å følgje med på, både i trafikken og politikken. Her set bomringar sinna i kok, byutvikling av Knarvik og eit svært helsehus skaper

stort engasjement, og oljenæringa i framtida vil bli eit viktig tema i åra som kjem.

I dekningsområdet til avisa er det heldigvis naturleg å bruke nynorsk. Vi kjem begge frå Sogn og synest at det er kjekt å kunne nytte hovudmålet på jobb. Hausten 2019 flytta Synne til Nordhordland etter å ha hatt praksis og sommarjobb i Sunnmørsposten. Karoline kom direkte frå Nynorsk avissenter som praktikant i januar 2020. Vi fann oss fort til rette i ein liten redaksjon beståande av unge og engasjerte journalistar. Det er eit stort pluss at vi jobbar så godt saman og har det kjekt på jobb.

### Ekstra spenning og press

Det er ikkje berre Avisa Nordhordland som dekkjer Nordhordland og Gulen. Vi har ein konkurrent i avisa Strilen. Sidan begge avisene ofte skriv om dei same sakene, er det viktig å vere først på staden og først ute med saka. Dette skapar ekstra spenning og press.

Alle journalistane må skrive fleire saker kvar dag for at avisa skal nå måla sine. Som allround-journalistar må vi

dekkje alle felt; politikk, næringsliv, krim, eigedom og meir. Det siste året har avisa også funne plass til større gravesaker. Det er med andre ord ein stor variasjon i stoffet vi skriv.

### Lærer mykje

I mars slo pandemien innover landet og fann også vegen til Nordhordland. Alle vart sende på heimekontor, og vi måtte lære oss å jobbe på ein annan måte enn vi var vande med. Medan vi tidlegare kunne reise innom menneske, bedrifter og arrangement, måtte plutseleg alt føregå digitalt, både intervju av kjelder og kommunikasjon i redaksjonen.

Journalistlivet i Nordhordland er både hektisk og spennande. Ein lærer mykje av å skulle dekke eit så stort område der det stadig skjer noko. Ikkje minst har det gjennom det siste året vore kjekt å sjå avisa få betre og betre resultat, som følge av gode strategiar og godt samarbeid.

**Av Karoline Nordgulen:** Praktikant i Nynorsk avissenter kull 13 hausten 2019  
**og Synne Grimen Hammervoll:** Praktikant i kull 12 våren 2019

# AlumNAne på trappene

Nynorsk avissenter vil innføre ei alumnaordning for nynorskpraktikantane. Det betyr at det eksisterande praktikantnettverket vert utvida og formalisert det kommande året.

Målet er mellom anna å tilby tidlegare praktikantar fagleg påfyll og oppdatering, samstundes som praktikantane deler kunnskap seg imellom og med

Nynorsk avissenter. Sosialt ligg det godt til rette for ei første markering når Nynorsk avissenter kan feire tiårsjubileum i 2023.

Også mediebransjen skal kunne nyte godt av nettverket. I samband med rekryttering kan redaktørar og andre bruke AlumNAne til å marknadsføre ledige stillingar.



**VETERANAR:** Frå v. Marit Brennset, Ina Eirin Eliassen, Thea Idsøe og Kristine M. Stensland utgjorde kull 1 hausten 2013.

## Nynorsken førte fram til Brasil

**BERGEN:** Draumejobben i fast format lenge før eg var ferdig med mastergraden. Det hadde nok neppe vore innan rekkevidde utan Nynorsk avissenter.

I skrivande stund ser eg tilbake på ein søknadsprosess som byrja med over hundre søkjurar, tre rundar med intervju og ein nervepirrande haust der siste beskjed var eit tilbod om fast jobb. Eg fekk høre at journalistutdanninga mi var utslagsgivande for jobben og no har takka ja til som kommunikasjons- og marknadsføringsleiar i Kolibri - Children at Risk Foundation.

Både nynorsken og journalistikken tek eg med meg i kontakt med skular, institusjonar og privatpersonar. Spesielt kan nynorsk opne dører breitt utanfor Bergen. Vestlandet er fullt av spennande aktørar, og då er eg glad for å bruke riktig språk.

Journalistikken har eg bore med meg sidan eg forlét Førde våren 2019. Annleis-sommaren 2020 var eg sommarvikar i Klassekampen sin utanriksredaksjon i Oslo. Der følgde eg mellom anna den politiske uroa i Bolivia og skreiv ein lengre artikkelseie om den politiske situasjonen ulike land i Latin-Amerika var prega av. Då hausten kom, var siste året på mastergrad i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen eit faktum.

No, to år etter at eg flytta til Førde, har eg altså landa fast kommunikasjonsjobb. Eg rakk nesten ikkje tenke på fulltidsjobb etter levert masteroppgåve vå-



**KONTRAKT:** Arbeidsavtalen er i boks, melder Pernille Fjørtoft Grøsvik. **FOTO:** PRIVAT

ren 2020 før telefonen ringte i august i fjor. Eg vart invitert på ein uformell kaffi for å snakke om ei stilling som skulle lysast ut, i ein organisasjon med kontor i Bergen og som arbeider med gateborn i São Paulo i Brasil.

Kolibri - Children at Risk foundation

har lang tradisjon i å snakke med born og unge om dei sosiale kåra til jamaldringar i São Paulo. Og eg skal gjere nynorsk til ein naturleg del av det.

**Av Pernille Fjørtoft Grøsvik:** Praktikant i Nynorsk avissenter kull 12 våren 2019.

## Utvidar frå ni til ti praktikantplassar i 2022

Nynorsk avissenter har i 2021 fått 200.000 kroner ekstra frå Kulturdepartementet. I fleire år har stiftinga søkt om ekstra driftstilskot for å utvide kursverksemda og talet på praktikantplassar. Gleda var difor stor då framleggjet til

statsbudsjett kom sist haust. - Sjølv om summen er halvparten av dei omsøkte 400.000, er det eit viktig handslag og ei stor oppmuntring, seier dagleg leiar Kjell Ove Nordeide. - Medrekna auka tilskot frå Firda og omdisponering av eig-

ne midlar skal vi i 2022 kunne ta imot ti nynorskpraktikantar. Men dette er berre eit delmål, og vi skal styrke nynorsken i mediebransjen på fleire måtar. I første omgang spør vi redaktørane kvar dei meiner skoen trykkjer i dag og i morgen.

# To lærarar fram til 1. mai

Frå årsskiftet og fram til mai 2021 har Nynorsk avissenter to faglærarar i 40 prosent stilling. Ingunn Osland har fartstid i avissenteret frå august 2018. På nyåret har ho fått selskap av Ivar Bruvik Sætre, som sjølv var praktikant i Nynorsk avissenter i kull 6 våren 2016. Han har etter det vore tilsett som journalist i Firda til liks med Ingunn Osland.

Hovudoppgåva deira i Nynorsk avis-senter er å gje praktikantane individuell oppfølging i det journalistiske arbeidet. I tillegg skal dei undervise og fungere som mentorar for praktikantane.

Frå hausten er det planlagt å vidareføre ordninga med to faglærarar med tanke på at avissenteret i 2022 utvidar frå ni til ti praktikantplassar.



**NO OGSÅ LÆRAR:** Ivar Bruvik Sætre.



**STÅR PÅ:** – Det er hardt å vere journalist, men det er betre enn å jobbe, påpeikar Martin Årseth. På eit lite tomannskontor i fjerde høgda midt i Bergen sentrum sit Klassekampens to utsende vestlendingar. Det vil seie, med koronareglar er den eine på heimekontor.

## Martin skal få Vestlandet ut i verda

**BERGEN:** At eg fekk fast jobb akkurat der eg fekk det, har nok mykje å gjere med kvar eg spurde forsiktig om å få ein praksisplass og vart teken imot med opne armar.

Då eg skulle velje meg ein stad å ha praksisplass, hadde eg eit par alternativ eg såg for meg. Dei to andre hadde ikkje kapasitet til å ta inn nokon, men det hadde Klassekampen, som eg aller helst ville til. Eg var to månadar på kontoret i Oslo og arbeidde med ulike saker, eigne idear og andre sine, og vart kjent med eit nytt og spennande miljø. Det var og er den største redaksjonen eg har arbeidd i.

Den gongen hadde Klassekampen to

journalistar i Trondheim og éin i Kairo. Men ikkje lenge etter oppretta dei lokale kontor i Tromsø og Bergen òg.

Eg jobbar no ved det sistnemnde kontoret, der vi er to journalistar, begge nynorskskrivande journalistar, som utfordrar kvarandre språkleg og fagleg.

Vi arbeider stort sett med idear vi sjølv finn på, diskuterer oss imellom korleis vi skal legge fram saker sånn at oslofolka bit på ideane våre. Det gjer dei ofte, for Klassekampen ønskjer stoff frå heile landet, som er heile poenget med å ha kontora. I innanriksavdelinga er vi elleve journalistar, og av dei er seks i Oslo og fem fordelt på dei tre kontora. Det er ei solid satsing for å vere til stades så mange stadar som mogleg.

Ønsket om å vere riksavis speglar seg også i språket, for i Klassekampen går nynorsk og bokmål hand i hand, og ingen er nokon gong vanskeleg overfor ein nynorskbrukar.

Så no sit eg her, fartar rundt på Vestlandet for å skrive om kommuneøkonomi, energipolitikk og andre ting eg synest er spennande. Eg får prøvd meg i mange sjangrar i tillegg til den vanlege nyheitssjangeren, som portrett og petitar. Eg er lokalavisjournalist frå botnen, og det er på ein måte det eg er no, berre at eg skriv saker som skal vere spennande for heile landet.

**Av Martin Årseth:** Praktikant i Nynorsk avissenter kull 6 våren 2017.



**AUGUST 2020:** Frå v. Øystein Silde Frønsdal, Sofie Retterstøl Olaisen, Natalie Liabø Hermansen, Synne Muren Olsen og Taline Vinjevoll Årdal starta i Førde 19. august. Dei er no i avsluttande praksis.

FOTO: INGUNN OSLAND

## Hard konkurranse om plassane

**KULL 15:** Dei vil satse på journalistiken, dei vil skrive på nynorsk, dei er samfunnsinteresserte, engasjerte og ikkje minst motiverte for å ta ei intensiv opplæring.

Det er fellesnemnaren for dei fem i kull 15, som starta i Nynorsk avissenter 19. august 2020 og sluttfører praksisen 1. mars. Med 29 søkjrarar var det ekstra mange som konkurrerte om plass, og det viste seg også at det var små marginar som skilde dei som var med i urverkinga heilt til siste runde. Dei utvalde er alle i 20-åra. Geografisk kjem dei frå Trøndelag i nord til Agder i sør, men flest har vestnorsk bakgrunn.

### NATALIE LIABØ HERMANSEN

(1997), Volda, har ein bachelor i PR, kommunikasjon og media frå høgskulen i Volda. Ho har allereie sikta seg inn på journalistikken og har mellom anna hatt sommarvikariat som journalist i Sogn Avis. Som jølstring kjener ho Sogn og Fjordane godt. Ho er samfunnsengasjert, glad i foto og historieforteljing, og har i tillegg ein lidenskap for skriving - på nynorsk.

### SOFIE RETTERSTØL OLAISEN

(1993), Grimstad, siktar mot journalist-

jobb og har erfaring som skrivande og pratande journalist i studentavisa Under Dusken og i studentradioen Radio Revolt i Trondheim. I 2020 var ho i Colombia for å produsere ein radiodokumentar om fredsavtalen i landet då pandemien braut ut. Av formell utdanning har ho bachelor i musikkvitenskap og musikkteknologi frå NTNU, og ho er utdanna musikk- og spansklaerer. Språkinteressa gjer at ho har stor motivasjon for nynorsken.

**SYNNE MUREN OLSEN** (1994), Levanger, har fullført bachelor ved universitetet i Wollongong i Australia. Her valde ho å ta major i journalistikk og har fått erfaring med å produsere innhald i form av tekst, lyd og video. Samfunnsengasjement, og spesielt innsikt i likestilling og mangfold etter eit årsstudium ved NTNU, tar ho med seg inn i journalistikken. Nynorsken har ho med seg frå oppveksten i Sveio, eit spennande språkområde med Haugesund som nabo i sør.

**TALINE VINJEVOLL ÅRDAL** (1998), Førde, fullførte i 2020 ein bachelor i økonomi og administrasjon på Høgskulen på Vestlandet. Oppgåva skreiv ho på nynorsk, som har vore eit førsteval gjennom heile utdanninga. Ho er samfunns-

interessert og konsumerer store mengder medieinnhald. Dette saman med at ho er nysgjerrig, engasjert og gjerne set fingeren på rett og gale, er argument for at ho no vel journalistvegen.

**ØYSTEIN SILDE FRØNSDAL** (1995), Etne, var til sommaren 2020 ferdigutdanna lærar med faga matematikk, kroppsøving og samfunnsfag frå høgskulen i Sogndal. Gjennom somrar og feriar som journalist i lokalavisa Grannar har han likevel bestemt seg for mediebransjen med sine varierte utfordringar og møte med spennande menneske. I tillegg brenn han for nynorsken. Difor gjekk vegen innom eit nytt journalistvikariat heime i Sunnhordland før han kom til Førde.

### Her er dei i praksis

- **Natalie:** Firda
- **Sofie:** Klassekampen
- **Synne:** Haugesunds Avis
- **Taline:** Firda
- **Øystein:** Sunnmørsposten

Dei fire i kull 16 har etter eige ønske søkt Bergens Tidende, Klassekampen, Sogn Avis og Sunnmørsposten om praksisplass i mai og juni.



**JANUAR 2021:** Frå v. Kristiane Nerdrum Bøgwald, Bjørn S. Sølsnæs, Severine Jarnes og Hanna Torsdotter Husabø hadde sin første arbeidsdag i Nynorsk avissenter og Firda 4. januar. Dei er tilsette fram til 1. juli.

FOTO: INGUNN OSLAND

## Snittalderen opp eit par hakk

**KULL 16:** Praktikantkurset våren 2021 fekk 26 søkjarar. Heilt inn i finalerunda var alle landsdelar representerte, men vestlendingane kom ut i fleirtal til slutt.

Frå hovudstaden kjem Kristiane, men meir kortreist er bergensaren Hanna, sunnmøringen Severine og ikkje minst sogningen Bjørn. Felles for dei fire er at alle er motiverte for ei framtid i journalistyrket. I tillegg er dei språkinteresserte og glad i nynorsk, sjølv om utgangspunktet er svært ulikt. Denne gongen er snittalderen noko høgare enn på føregåande kull. Det betyr og større variasjon i bakgrunn og erfaringar.

**BJØRN S. SØLSNAES** (fødd i 1995) kjem frå Leikanger i Sogndal kommune. Til Nynorsk avissenter kom han frå journalistjobb i Sogn Avis. Der var han tilsett sidan mai 2019 og hadde i tillegg eit sommarvikariat i 2018. Han avslører ein sterk kjærleik til lokalavisa - både generelt og Sogn Avis spesielt. Likevel meiner han det er lurt å lufta vitet andre stader og byggje på med kunnskap i Nynorsk avissenter. Frå før har Bjørn arbeidserfaring som spenner frå prestevikar til landbruksavløysar via skule, bar-

nehage og butikk. Politiske verv i kommune og fylke er kombinert med styrearbeid i mange lokale organisasjoner. På høgskulen har han studert landskapsplanlegging og grunnskulelærar, men det er journalistikken han brenn for - å tene samfunnet ved å løfte fram dei lokale grasrotsakene og setje politisk dagsorden.

**KRISTIANE NERDRUM BØGWALD** (1987), Oslo, har siste tre åra budd i Eidsvoll. Ho er skodespelar, dramatikar, filmkunstnar, performance-kunstnar, skribent, og no sist - journalist for avis VårtOslo. Dermed var ho på eit vis tilbake i 2014, då ho kom inn på journalisthøgskulen, men takka nei til plassen. No går ho for å bli ein skrifefør nynorsk-journalist, som ho seier. Det vil ho i vår kombinere med å lage dokumentarfilm. Ho er nemleg i gang med etterutdanning på deltid og ser dokumentarfilm som ein god kombinasjon med journalistikk.

**SEVERINE JARNES** (1992), Langevåg i Sula kommune, har fullført mastergrad i samfunnskommunikasjon ved Universitetet i Agder. Frå tidlegare har ho ein bachelor i medieproduksjon frå NTNU Gjøvik, der ho fekk erfaring med produksjon av video, foto og web. No kjen-

ner ho seg klar for avisjournalistikken og arbeid med nyheter. Ho er motivert for det etter ei lærerik tid i kommunikasjonsavdelinga i den nasjonale brannvernforeininga og etter arbeid i fleire studentorganisasjonar. Der hausta ho erfaring med produksjon og publisering av innhald til mange mediekanaalar, opplegg for informasjonskampanjar og gjennomføring av arrangement.

**HANNA TORSDOTTER HUSABØ** (1987), Bergen, var i 2020 ansvarleg for merkevare og samfunnsansvar i firmaet GC Rieber. Men som ho slår fast: Eit journalistisk format passar henne best. Vegen til denne sjølvinnskjta har vore variert. Frå mediefag og redaktør i skuleavis på vidaregåande, via studium i økonomi og mastergrad i kunsthistorie og kulturformidling, til studieadministrativ jobb på Universitetet i Bergen og kommunikasjon i GC Rieber AS. Ved sida har det vore verv i Studentersamfunnet og 17.mai-komiteen i Bergen og praktikantplass hjå ambassaden i København. Den raude tråden har vore å formidle kunnskap, informasjon og engasjement. Hanna er oppvachsen i bokmålsbastionen Bergen, men brenn for at nynorsk skal ha ein sentral plass i offentleg ordskifte, òg i dei store byane.

# Tre søstertiltak

- **NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for NRK FleRE og Nynorsk avissenter. Leiar: Magni Øvrebotten.
- **NRK FleRE** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga i Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.
- **Stiftinga Nynorsk avissenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

**NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane, vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge, må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15. oktober.**

Førde, 22. februar 2021

**Kjell Ove Nordeide**, dagleg leiar

**Kai Aage Pedersen**, styreleiar

**Stiftinga Nynorsk avissenter**  
Post- og fakturaadresse:  
Firdavegen 12, 6800 Førde.  
Telefon: 911 49 803 (dagleg leiar)  
Org. nr.: 914961181

